

Jfr adresseliste

**Dykkar ref:**

**Vår ref:**

2020/2871 - 14004/2020

**Sakshandsamar:**

Marianne Schiefloe Myklebust

**Dato:**

16.03.2020

## Høyringsbrev revisjon av strategi for Forsking og Innovasjon i Helse Førde

Helse Førde har gjennomført revisjon av gjeldande strategi for Forsking og Innovasjon, og legg med dette fram utkast til høyring (vedlegg).

Den nye strategien skal gjelde for perioden 2020 – 2025.

Administrerande direktør har sett ned ei arbeidsgruppe, som har utarbeidd framlegget. Det har vore ein open prosess med invitasjon til innspel undervegs. Det har vore eit mål å

- evaluere det som er gjort i åra som har gått og gjere greie for status
- gjere visjonar tydelege og utarbeide konkrete mål og tiltak
- Samanfatte arbeidet i eit grunnlagsdokument og ein strategi for forskning og innovasjon i Helse Førde for perioden 2020 – 2025 sin er lagt fram for Administrerande direktør

Vi har gitt strategien følgjande overskrift:

### **Samarbeid – Kunnskaping – Verdiskaping**

Framlegg til strategi omhandlar følgjande:

- Å gi gode helsetenester vil alltid vere det viktigaste.
- I tillegg skal Helse Førde heile tida skape ny fag- og forskingskunnskap i alle delane av organisasjonen.
- Helse Førde skal gjennom samarbeid, kunnskaping og verdiskaping ha ei forskings- og innovasjonsverksemd av høg kvalitet, internasjonal interesse og med lokal nytte.
- Åtte tiltakspakkar i strategien skal sørge for dette



### Prosess vidare

Arbeidsgruppa har med dette levert framlegg til Forsking- og innovasjonsstrategi for Helse Førde for perioden 2020 – 2025.

13.03.2020	Strategien vert 2020 – 2025 vert sendt ut på høyring
20.04.2020	Høyringsfrist
28.05.2020	Handsaming i styret i Helse Førde

Helse Førde ønskjer høyringsinnspel på den reviderte strategien.

Høyringsinnspel kan sendast til [post@helse-forde.no](mailto:post@helse-forde.no) merka med saks.nr: 2020/2871, **innan 20. april 2020.**

Med venleg helsing

Arve Varden  
Administrerande direktør

Anne Kristin Kleiven  
Utviklingsdirektør

Christian Moltu  
Prosjektleder

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng inga signatur*

Adresseliste:

Kommunar i Helse Førde sitt område v/postmottak

KS Vestland

Høgskulen på Vestlandet

Vestlandsforskning

Universitetet i Bergen

Fylkesmann Vestland

Kunnskapsparken Sogn og Fjordane

Helse Vest RHF

Helse Stavanger

Helse Fonna

Helse Bergen

Føretaksleiinga i Helse Førde

Brukarutvalet

PKO

Sunnfjord Næringsutvikling

Framtidsfylket

NHO

Innovasjon Norge

Vestland fylke

USHT